

Knut Hellevik
Slettevegen 821
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6258 - 20/17011

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
06.04.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 499/1 Ystebø

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 499/1

Tiltakshavar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 02.03.2020, med tilleggsdokumentasjon om at det ikkje er nabomerknader til søknaden motteke 02.04.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og ber om at han vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Nabovarsel

Søknaden er ikkje tilstrekkeleg varsla. Alle naboar som grensar til teigen må varslast. Varsel må også sendast til 499/6, 499/44 og gbnr 499/132 som er fylkesveg 5492. Vedlagt følgjer nabolist med kontaktinformasjon. Vi gjer merksam på at varsel til gbnr 499/132, som er fylkevegen, skal sendast til Vestland fylkeskommune og ikkje Statens vegvesen slik det går fram av lista.


Situasjonsplan

Eigedomen er teikna inn på gardskart frå NIBIO. Vi legg til grunn at det er arealet som er merka raudt på kartet som skal delast frå.


Du må også teikna den nye parsellen inn på kommunen sitt kart. Situasjonskart følgjer vedlagt. Grenselinjene må målsetjast og avstand frå ny grenselinje til bygning som skal stå igjen på bnr 1, må gjevast opp. Avstanden bør vera minst 1,0 meter.

Den nye parsellen er bratt. Du bør visa på situasjonsplanen kor bygg er planlagt plassert og at krav til uteoppholdsareal og parkering lar seg løysa.

Situasjonsplan




Kommunen sitt kartgrunnlag



Veg, vatn og avløp

Du har lagt ved erklæring der den nye parsellen får rett til å plassera vass- og avløpsleidningar over gbnr 499/1 og vegrett til utskiftningsvegen til gbnr 499/1. Av kartutsnittet under går det fram at avkjørsla til den nye parsellen vil gå over eideomen gnr 499/7. Det må leggjast ved erklæring med løyve til å kryssa privat eideom.

Kartutsnitt som viser tilkomstveg frå fylkesvegen



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 01.06.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Naboliste gbnr 499-1
Kart gbnr 499-1

Kopi til:

Knut Hellevik	Slettevegen 821	5939	SLETTA
---------------	-----------------	------	--------

Mottakarar:

Knut Hellevik	Slettevegen 821	5939	SLETTA
---------------	-----------------	------	--------